



Arild Hebnes og Toyni Tobekk trur på verdien av sjølve å vera med på å skapa framtida og å gripa mulegheitene. Går det som dei vil, skal dei tilretteleggja for 26 kolonihagar på garden sin på Hebnes.

Himmel og hage

I snart fem år har dei drøymt, tenkt, planlagt og undersøkt. Nå er Toyni Tobekk og Arild Hebnes sitt kolonihage-prosjekt på realitetens rand.

Esther Moe

Det er ikkje det at ekteparet manglar jarn i elden som det er. Saman har dei fire barn, han driv garden med smågris, sauer og poteter, ho er journalist og nettside-skreddar på Norsk Plan.

Men draumen om å laga eit tilbod til dei som ønskjer seg ein liten jordfleck med eit tilhøyrande lite hytte-krypinn, måtte dei berre forfølgja.

Erter i nasen

– Det blir litt som med å begynna å snakka om å putta ertar i nasen. Til slutt må du berre finna ut om det ikkje skulle kunna la seg gjera. Toyni Tobekk ler godt, og kikkar bort på mannen som serverer følgjande erkjenning.

– Me skulle nok fått dagane til å gå utan òg. Men du veit, det må skje noko nytt også, av og til. Det kjem knusktørt og særdeles blidt. Dei har vore to om prosjektet heile tida, men ho er glasklar på at det er mannen å takka for at planforslaget nå endeleg er klart til å leggja i hendene til dei som skal ha siste ordet. – Eg kan vel seia det er godt eg er gift med ein optimist, seier ho og lar det skina gjennom at det ikkje er nokon autostrada for den som vil etablere nisjeverksemd mellom matjord og strandsone.

Gode råd

Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune har visitert og synfare hjå dei i Bakken, både ein og to gonger. Så langt dei nå kan sjå, trur dei ikkje det ligg uavklart problematikk for prosjektet. – I ein slik prosess er det gull verd å ha folk med peiling som kan gi råd. Anten det er slekt, vener eller folk som bygdeutviklar Astrid Brommeland og folka på Innovasjon Norge, takkar Tobekk, som sjølv nyt fordelane av sin kompetanse som nettsideutviklar. Ryfylke fjordhage er alt å finna på verdsveven og har også eiga side på Facebook.

Men endå er dei audmjuke for at planbehandlinga gjenstår. – Det kan bli endringar sjølv sagt, nikkar Hebnes. Og framleis er det viktige detaljar som ventar på si avklaring. Som om det lar seg gjera å sleppa å skyta grøfter til vatn og kloakk. Og om dei får til å laga tilkomst til bryggeanlegget for rullestolbrukarar. Universell utforming er i det heile eit viktig tema for dei, anten det gjeld lesevenlege nettsider, hytteutforming eller tilkomst.

Godt marinert

Konseptet baserer seg på at folk leiger jordparsellar på 300 kvadratmeter og kjøper hytta som skal stå på den. Skal det bli 26 parsellar, reknar Hebnes med at dei må selja rundt 15 hytter før dei kan gå i gang i marka. Han ventar endå på prisoverslag på hytta og tør ikkje anslå kva den vil lyda på. – Men tanken er jo at dette skal vera ein rimelegare måte å få seg ei hytte ved sjøen i Ryfylke enn det vanlegvis er, forklarar han og er også dermed over i det dei begge ser er den største

x-faktoren i prosjektet.

Vil Ryfylke fjordhage slå an? Korleis når ein gjennom med ei reiselivsbedrift på Hebnes i Suldal? Ein stad dei ofte erfarer treng referansar til både Jelsa og Sauda for at det skal begynna å blinka på folk sine mentale norgeskart. – Ryfylkebegrepet har mange gode assosiasjonar ved seg, men me må jobba for å få fram kor lett det eigentleg er å komma hit frå både Stavanger og Haugesund, påpeikar paret, som ikkje legg skjul på at spenninga er stor når dei nå står heilt yst på stupebrettet. – Lenge var det jo slik at me framleis kunne skrinleggja det om me ville. Det punktet er me godt forbi, nå er det ingen veg tilbake. Både skummelt og godt, tilkjennegir Tobekk. Ho meiner det ikkje har vore noko ulempe at prosjektet ikkje nådde sist kommuneplanrullering. – Eg trur det har vore godt at det har fått stå og trekkja. Ho kikkar på mannen, smiler, og lar det ikkje vera tvil om at det er han som har vore den ivrigaste. Han berre smiler tilbake.

Over kaffien og den vesle nisteboksen med mjuke krotekake-bitar dei har tatt med ned til sjøen, er rollefordelings-temaet meir som ein rosa tråd i samtalen. Ein flørte-sukkerbit til kaffien.

Hans spøk om at eit slik prosjekt gir eit ektepar meir å krangla om, er berre til å ta med litt salt attåt.

– Me er opptatt av kvar våre felt, og kan litt kvar våre ting. Me utfyller nok kvarandre, ja, ser Tobekk med eit bråsnart smil opp til han ved sida igjen.

Forandringane

Så om eit par år har dei kanskje 26 små ko-

lonihagar rett utanfor tunet sitt. Kva skjer med livet då, og kva skjer med Hebnes?

– Det blir jo eit nytt stadium i livet. Eg møtte ein idéutviklar som sa følgjande: Er du ikkje klar for forandringane ein idé vil føra med seg, er det ingen idé. Det må jo bli forandringar, meir liv og røre. Det er herleg med freden her ute, men eg ønskjer jo at det skal skje noko. Tobekk ser ut over den fredelige fjorden. – Det spennande er jo kor mykje som vil falla på oss, når alt er på plass.

– Eg trur ikkje det skal vera store konfliktpotensiale, spår Hebnes, som likevel veit at ein grunneigar alltid er ein grunneigar. – Men meininga er jo at folk skal stulla med sin flekk, og grensene mellom er jo klart definerte, tenkjer Hebnes høgt, som rundt eigedommen primært har slekta sine hytter. Dermed er det dei sjølve kolonihagane grensar til, og han har ikkje høyrte noko negativt i grenda om planane, som han ser føre seg kan auka innbyggjartalet betrakteleg i helgene.

– Kanskje blir det femten fleire her kvar helg? Eit lystig smil dreg over bonden sitt ansikt. – Ting skjer ikkje av seg sjølv. Og det er godt at det er utvikling å sjå; det treng me.

Kona ser ertande på mannen. – Eg er jo berre spent på kva prosjekt han kastar seg over neste gong. Han dementerer ingenting og gir seg i kast med å rydda koppane ned i nettet igjen.



Godt inntak

Rektor Espen Thompson ved Sauda vidaregåande skule kan rapportera om gode tal for inntaket til hausten.

Nils Hallvard Korsvoll

– Me har gode søkjartal til dei fleste linjene våre, både på yrkesfag og på studiespesialiserande, fortel Thompson. På den nye ambulansesjåførinja er det full klasse og lange ventelister, og på VG 1 helsefag har dei utvida med ein halv klasse. Søknaden til ToppVolley Norge er òg god, og rektoren meiner dei har komme fram til eit stabilt og godt søkjargrunnlag. Dei linjene der Sauda vidaregåande skule har fleire plassar igjen er på byggfag,

helsefag, idrett, studiespesialiserande og i kjemiprosessfag. – Plassane her blir nå sendt ut til tredje opptaksrunde, seier Thompson.

Overraska

Det er på idrettsfag og kjemiprosessfag rektoren gjerne skulle ha sett fleire elev-ar. – For å vera heilt ærleg er eg litt overraska over dei låge søkjartala på kjemiprosessfag, då dette er ei viktig og allsidig utdanning som gir arbeidsmulegheiter både i lokal industri og i oljeindustrien. Han trur det kan vera finanskrisa, og dei tunge tidene for storindustrien som gjer at linja ikkje er så populær akkurat nå.

– Samstundes treng me kanskje litt hjelp frå næringslivet for å få fram lærlinge- og arbeidstilboda knytt til faget.

Ny journalist i Suldalsposten

Arne Vestbøstad frå Fitjar er ny journalist i Suldalsposten.

Nora Bogetvedt Jenssen

Han er utdanna lærar, og har i tillegg bachelorgrad i kommunikasjon. Vestbøstad kjem frå jobb som lærar ved Rimbareid barne- og ungdomsskule i Fitjar.

– Eg vil prøva noko nytt før det blir for seint, ler den nye bladfyken, som synest journalistyrket virkar spennande. Han har prøvd seg litt innan media tidlegare, men då mest radio. Vestbøstad gler seg til å bli betre kjend med kommunen. – Det er kjekt å læra ein ny stad å kjenna, seier han, og legg til at visjonen om eit liv som friluftsmann nå er nærare enn nokon gong.



Arne Vestbøstad meiner han kan litt om mykje, men er spesielt opptatt av sport og fotball.

Schibevaag ny redaktør i Haramsnytt

Einar Schibevaag skal ta over redaktørstolen i lokalavisa Haramsnytt på Sunnmøre.


Nils Hallvard Korsvoll

Haramsnytt er lokalavis for kommunane Haram og Sandøy, og kjem ut to dagar i veka, med eit opplag på 2800. Schibevaag startar i redaktørstillinga 20. august. Han har tidlegare vore redaktør for Sul-

dalsposten, starta bedrifta Norsk Plan i Vatlandsvåg og styrt fleire prosjekt, samt vore kommunestyre- og formannskapsrepresentant for Venstre i Suldal.

Flyttar ikkje

Schibevaag seier at han i første omgang vil forsetja med å bu i Suldal og tek då sikte på å pendla. Dette betyr at han held fram som leiar for kommunen sitt kontrollutval.



Slik kan hyttene bli sjåande ut. Forslaget er teikna av Kon-Sul og hytta er på 35 kvadratmeter med ein halv hems. Ill: Kon-Sul.